



Byggmester Knut Henanger
Orrhøyflaten 3
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar: Knut Henanger
Vår: 15/3214 - 16/280

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

07.01.2016

Endring - Del av detaljregulering for Mjåtveitmarka, Gbnr 22/253 m.fl.

Me syner til førehandskonferanse av 10.11.15, og til brev motteke den 14.12.2015 om å endre del av detaljregulering av Mjåtveitmarka, eigedom 22/253 m.fl.

Plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 krev at det før oppstart av reguleringsplan skal gjennomførast eit formelt oppstartsmøte: *«Når forslagsstilleren er en annen enn planmyndigheten selv, skal planspørsmålet legges fram for planmyndigheten i møte. Kommunen kan gi råd om hvordan planen bør utarbeides, og kan bistå i planarbeidet».*

Dette gjeld, jf. pbl § 12-14, like eins ved endring av reguleringsplan.

Me treng at de melder attende til planavdelinga om tal på representantar som stiller frå høvesvis tiltakshavar, fagkyndige, evt. andre.

Materialet til førebuing av møtet kan sendast på e-post til sakshandsamar eller via post til Meland kommune v/ Plankontoret, Postboks 79, 5906 Frekhaug.

Ein ber om at de på førehand gjer dykk kjent med *«Startpakke for private planar etter plan- og bygningslova for kommunane i Nordhordland og Gulen»*, særskild vedlegg B og C som omhandlar oppstartsmøte. Sjå vedlegg.

Naudsynt førehandsinformasjon

For førebuing til oppstartsmøte må vi ha motteke følgjande informasjon:

1. framlegg til plangrense
2. oversikt over tiltakshavar og konsulent for planarbeidet, med kontaktopplysningar.

Risiko og sårbaranalyse

For alle planforslag skal det gjennomførast risiko- og sårbaranalyse jf. pbl § 4-3.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen har vedteke akseptkriterier med metode for gjennomføring av ROS. Dokumentet kan lastast ned frå kommunen si heimeside, sjå lenke:

<http://www.meland.kommune.no/plan.298758.nn.html>

Krav til kompetanse

Vi gjer merksam på at reguleringsplanar skal utarbeidast av fagkyndige jf. pbl § 12-3.

Gebyr

For handsaming av private reguleringsplaner tek kommunen gebyr. Sjå kommunen sitt gebyrregulativ på kommunen si heimeside, sjå lenke:

<http://www.meland.kommune.no/plan.298758.nn.html>

Vi vil kalle inn til oppstartsmøte når me har motteke kontaktopplysningar for representantar som stiller på møtet.

Ta gjerne kontakt med sakshandsamar dersom de har spørsmål.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1 Startpakke Privat RegPlan 190110

Mottakere:

Byggmester Knut Henanger

Orrhøyflaten 3

5918

FREKHAUG